

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møllendalsbakken 9/video 998290
MØTETIDSPUNKT: 01.06.2017 Kl. 09:00 – 12:00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marit Jakobsen	Medlem
Ragnhild Winum	Vara medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Marianne Saugestad	Medlem
--------------------	--------

UTGÅR FRÅ STYRET

Jon Bolstad	Medlem
-------------	--------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef (sak 033 og 034)
Christer B. Frantzen	Fagdirektør (sak 028, 029 og 030)
Berit Berntsen	HR og org. sjef (referent)

SAKLISTE

Sak 022/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 023/17	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 29.03.2017
Sak 024/17	Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 22.05.2017
Sak 025/17	Administrerande direktør si orientering
Sak 026/17	Årleg gjennomgang av styrande dokument
Sak 027/17	Risikovurdering 1. tertial 2017
Sak 028/17	SAV bidrag i Lærings- og meistringstilbod
Sak 029/17	Forsking i SAV
Sak 030/17	Oppfølging av sepsistilsyn
Sak 031/17	Strategiprosess Sjukehusapoteka Vest

UNDERLAG

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 032/17	Eventuelt Skriv og meldingar
------------	---------------------------------

Lukka del

Sak 033/17 og sak 034/17 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 033/17	Verksemdsrapport per april 2017 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
------------	--	---------

Sak 034/17	Langtidsbudsjett Sjukehusapoteka Vest 2018-2022 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
------------	---	---------

OPE DEL

Sak 022/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom. Ragnhild Winum møter for Marianne Saugestad som har meldt forfall. Jon Bolstad går ut av styret frå og med juni. Sak til eventuelt: ny dato for Styremøte 24.08.17.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 023/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 29.03.2017**Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 29.03.2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 29.03.2017.

Sak 024/17 Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 22.05.2017**Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 22.05.2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 22.05.2017.

Sak 025/17 Administrerande direktør si orientering**Oppsummering****1. Rapportering tilsynssaker**

* ingen saker

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

* ingen saker

3. Oversikt over aktuelle høyringar

* notat ligg ved

4. Ombygging produksjonslokale i Stavanger

* munnleg orientering

5. Budsjettprosess 2018

* munnleg orientering

6. Råvaretilgang produksjon

* munnleg orientering

7. Ny vikar apotekar i Førde og andre endringar i stab/FAD

* munnleg orientering

8. Nasjonalt samarbeid regionale sjukehusapotekføretak

* munnleg orientering

9. Styresaker til oppfølging

* notat ligg ved

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 026/17 Årleg gjennomgang av styrande dokument

Oppsummering

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Dei styrande dokumenta som er lagt ved denne saka inkluderer, i tillegg til dei styrande dokumenta som vart lagt fram for styret i tilsvarande sak i 2016 (Sak 02416), eit dokument som omhandlar SAV sin styringsmodell. Dette dokumentet er ferdigstilt i 2017 som ei formalisering av verksemd og prosess-styring i føretaket med formål om å tydeleggjere prinsippa i apoteklova med omsyn til eigar sin styringsrett og rolledeling mellom Apotekkonsesjonær (administrerande direktør) og Driftskonsesjonær (apotekar), samt vise korleis SAV legg opp verksemdstyringa for å etterkome krav i ny forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenesta (frå 1.1.2017).

I sak 02416 bad styret administrasjonen i dialog med eigar vurdere å oppdatere vedtekter pkt. 5. andre avsnitt, pkt. 2 samt oppdatere tal styremedlemmer i Styreinstruks pkt. 2 og i tillegg påføre revisjonsdato i dokumenta. Dokumenta er endra og vedtekter sendt til handsaming i føretaksmøtet. Føretaksmøtet har enno ikkje handsama endringa. Det er ut over dette ikkje gjort endringar i styrande dokument sidan sist gjennomgang i styret (sak 02416).

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseie at det er behov for revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning at følgjande dokument føreligg. Fullmakt til vedtak av dei ulike dokumenta ligg til ulike organ utanfor Styret.

- Vedtekter for sjukehusapoteka Vest HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- SAV Styringsmodell
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
- Konsept for intern kontroll i Helse Vest
- Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Sak 027/17 Risikovurdering 1. tertial 2017

Oppsummering

Risikomatriise blei gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek risikovurdering per 1. tertial 2017 til etterretning.

Sak 028/17 SAV bidrag i Lærings- og meistringstilbod

Oppsummering

Opplæring av pasientar og pårørande er ein av spesialisthelsetenesta sine fire hovudoppgåver. Både farmasøytar frå publikumsavdelingar og avdelingar for farmasøytiske tenester deltek i undervisning retta mot pasientar og pårørande innafor ulike terapiområde. I lys av omfang av pasientopplæringa i helseføretaka og legemidla si sentrale plass i pasientbehandlinga er potensialet for auke i SAV sitt engasjement på dette området til stades. Pris på tenestane har ved nokre høve vert sett på som ei hindring.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering.

Sak 029/17 Forsking i SAV

Til saman 6 PhD studentar og 2 vitenskapleg tilsette driv for tida forskning som på ulikt vis er assosiert med SAV. Både tilsette med heil eller delvis permisjon frå SAV og eksterne personar er engasjert i desse forskingsprosjekta. Ingen av prosjekta er finansiert frå føretaket sine midlar. Forskarane er tilknytt ulike fagfelt; produksjon av legemiddel; formulering av kreftlegemiddel og klinisk farmasi; forskrivning av antibiotika, bruk av legemiddel i psykisk helsevern og geriatri. SAV har for tida ikkje eiga forskingsstrategi men tek sikte på å innarbeide forskning i pågåande strategiarbeid, og knytte dette opp mot Helse Vest sin forskingsstrategi, samt avklare grenseflate mot sjukehusføretaka på dette området.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering.

Sak 030/17 Oppfølging av sepsistilsyn

Oppsummering

Lukka system for klargjering av antibiotika kan forkorte tid frå rekvirering til administrering for pasient og redusere risiko for ureining av produkt og arbeidsmiljø. Sjukehusapoteket i Bergen startar pilot for utprøving av levering av antibiotika levert på VialMate frå Sykehusapoteket i Lørenskog Q2/Q3 2017.

Ved vidareføring av denne typen leveransar kan SAV avhengig av forventa leveringsvolum handtere leveransar frå 1) Leigeproduksjon hos ekstern produsent
2) Produksjon ved Sjukehusapoteket i Bergen.

For begge alternativa vil det for sal til andre apotek vere behov for utvida tilverkarløyve. Kva løysing SAV vel for klargjering av lukka system etter pilot vil vere avhengig av kva behov helseføretaka i regionen melder inn for slike produkt.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering. Styret ber om presentasjon av implementering i seinare styresak.

Sak 031/17 Strategiprosess Sjukehusapoteka Vest

Saka omhandlar plan for arbeid med ny strategi for SAV. Målet med arbeidet er, med utgangspunkt i Helse 2035 strategien, å definere overordna mål og tiltaksområder for SAV fram mot 2022. Samtidig skal arbeidet og gje retning for strategiske satsingar innan dei ulike verksemdsområda.

Planen legg vekt på god forankring og involvering i organisasjonen og arbeidet vil i hovudsak verte gjennomført med interne ressursar. Arbeidet er skissert i fem fasar som inkluderer forberedande arbeid, no-situasjonsanalyse, omtale av utvikling/trendar innan apotekverksemd samt arbeid med mål, tiltaksområder. Det skal i siste fase av arbeidet lagast ein implementeringsplan der det vert fokus på samanheng mellom strategisk mål og tiltaksområder, forretningsplan og årlege handlingsplanar. Ein tek sikte på å ferdigstille arbeidet innan utløpet av 2017.

Vedtak (Samrøystes)

Styret vedtek plan for arbeidet med ny strategiplan for Sjukehusapoteka Vest. Mogleg endring i framdrift avklarast med ny Administrerande Direktør som byrjar 21.august. Styret ber om god involvering av medarbeidarane og god dialog med kundar, eigar og styre i prosessen. Styret ber om at strategidokumentet ikkje er over 10 sider .

Sak 032/17 Eventuelt Skriv og meldingar

Ingen skriv og meldingar.

Ny dato for styremøte 24.august grunna ny Administrerande Direktør startar 21. august.
Møtet vert 13. september 1400-1700 på video.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 033/17 Verksemdsrapport per april 2017

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per april 2017 til etterretning.

Sak 034/17 Langtidsbudsjett Sjukehusapoteka Vest 2018-2022

Oppsummering

Langtidsbudsjett vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek langtidsbudsjett 2018 – 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Berit Berntsen
Referent
01.06.2016

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Børge Tvedt	Medlem (sett)
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem (sett)
Marit Jacobsen	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem